

Saksbehandlar: Einar Ulla, Sekretariat for kontrollutvala
Sak nr.: 15/13051-1

Oppfølgingsliste 1-2016

Kontrollsjefen rår kontrollutvalet til å gjere slikt vedtak:

1. Oppfølgingsliste 1-2016 vert teken til vitande

Vedlegg:

- Oppfølgingsliste 1-2016

Andre dokument som ikkje ligg ved:

SAKSFRAMSTILLING

Sekretariatet for kontrollutvalet skal, etter forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar § 20, 2. ledd sjå til at utvalet sine vedtak vert sett i verk.

Kontrollutvalet har dei seinare åra fått seg førelagt ei sak om oppfølging av saker som utvalet har handsama i utvalet tidlegare og som enten ikkje er avslutta, eller som vart avslutta i førre møte. Dei sakene som er merkte med **AVSLUTTA** vert ikkje med på neste utgåve av oppfølgingslista.

Utvalet får i denne saka oppfølgingsliste 1-2016 til handsaming. Lista er oppdatert etter kontrollutvalsmøtet 24. november 2015.

I tillegg til oppfølgingslista vil utvalet få ei sak med oversikt over forvaltningsrevisjonar med status og oppfølgingsdatoar. Denne lista vert lagt fram for utvalet eit par gongar kvart år.

Resultatet av dette er at kontrollutvalsmedlemmane til ei kvar tid har oversikt over dei sakene som utvalet har til handsaming og til oppfølging.